

Einedalen skule i Herøy kommune

Oppdragsgivar:	Herøy kommune
Prosjekt:	Konkurransse / Totalenreprise
Planleggingsår:	2007/2010
Byggeår:	2009 /2010
Entreprenør:	Veidekke as
Arkitekt:	Arkitektkontoret Arc-ess as
Landskapsarkitekt:	Flataker landskap og Landskapsarkitekt mnlA Gyril Fimreite



Det nye skulebygget i Nærøymarka på Leinøy er over tre etasjar med ein synleg avtrapping i terrenget. Bygget huser 245 elevar frå 1-7 klasse. I tillegg til SFO. Skuletomta er eit større landskapsrom som vender ut mot fjorden og øylandskapet i vest. Det utgjer eit opent lyngheilandskap, med knausar, myrområde og noko skog. Tomta er kuppert med store høgdeskilnadar og markerte terrengformasjonar.

Tomta er organisert slik at ein får eit godt skilje mellom trafikk og uteopphaldsareal. Parkering, varelevering og økonomisone er lokalisert i aust for å gje eit stort, samanhengande og bilfritt uteareal mot vest. Hovudtilkomsten for gåande framstår som ein tydeleg og klart definert akse i aust-vesleg retning. Tilkomsten er framheva med ei trerekke som endar i forplassen ved hovudinngangen. Dei andre inngangane er underordna. Universell utforming er vektlagt. Det er rullestoltilkomst til alle inngangar og det er mogleg å kome seg rundt heile bygningen med rullestol.

Det er lagt vekt på å skape eit variert og innhaldsrikt uteområde og å integrere knausane inn i leikeområda slik at naturen blir tatt vare på i størst mogleg grad. Område som er utsett for terrenginngrep er nytta til opparbeida leikeplassar og ballbanar. Skuleområdet er soneinndelt med nærleikeplassar for dei minste i tilknytning til skulebygget. Ved å samle leikeområda til den eine sida av bygget blir områda oversiktlege for både elevar og tilsette

